

Gulsporven held stand

24.02.2010



Ornitologane fortel at bestanden av gulsporv har vore i tilbakegang, mellom anna på grunn av meir bruk av sprøytemidlar i jordbruket. Og på Vestlandet er den tradisjonelt mindre hyppig enn på Austlandet.

Desto meir positivt er det at den gule sjarmøren er relativt tallrik på og rundt ein skilde fuglebrett i Uskedalen (biletet).

Et kjært barn som gulsporven har mange namn og ornitologane nemner både gulskur, gultiting, gulspikke, kornskur og snøfugl.

Gulsporven er karakteristisk ikkje berre av utsjånad, men også fordi han syng ei spesiell strofe. Med litt fantasi kan det høyrast ut som han tel frå ein til sju, seier ein småfuglekspert.

(Foto: Ola Matti Mathisen)